

**Fra:** Anne-Karin Løken [anne-karin.loken@ks.no]

**Til:**

**Kopi:**

**Sendt:** 26.11.2018 12:30:15

**Emne:** Handsaming av debattheftet framfor Strategikonferansen og Fylkesmøtet 2019

**Vedlegg:** image002.png; Mal - behandling av Debattheftet 2019.docx

#### Til rådmenn og personaleiarar

Debattheftet – KS spør for 2019, skal vere sendt til din kommune.

Heftet inneheld spørsmål knytt til forhandlingar i 2019, gjennomføringskraft i digitaliseringsarbeidet, kompetansebehov og variasjon i tenester.

Heftet er og tilgjengeleg på KS sine nettsider:

[https://www.ks.no/contentassets/e37acf8eb9df49e6a1b2cfb48e6d178e/ks\\_debatthefte-2018\\_nettsversjon.pdf](https://www.ks.no/contentassets/e37acf8eb9df49e6a1b2cfb48e6d178e/ks_debatthefte-2018_nettsversjon.pdf)

KS ber om at debattheftet blir tatt opp til politisk behandling i den ein skilde kommune og fylkeskommune i forkant av Strategikonferansen og Fylkesmøtet. Dersom de ikkje rekk å behandle debattheftet i kommunestyret kan de sende framlegg frå administrasjonen.

Gjennom debattheftet ønskjer KS å forankre politisk viktige spørsmål for organisasjonen. Dette gjeld både grunnlaget for forhandlingane i mellomoppgjeret i 2019, og korleis vi best mogleg kan møte andre utfordringar vi ser framover. Innspel frå kommunane og fylkeskommunen gjer at KS får ei breiast mogleg medlemsforankring å vise til når forhandlingsmandatet skal vedtakast av Hovudstyret. **Innspel frå kommunen/fylkeskommunen etter behandling av spørsmåla i Debattheftet 2019 sendast til [Eirin.Aardal@ks.no](mailto:Eirin.Aardal@ks.no) innan 16.januar.**

Vedlagt e-posten er eit dokument som kan brukast når de skriv politisk sak om debattheftet. Dokumentet er ikkje meint som ein mal, men som ei momentliste ein kan klippe og lime frå, for å forenkle arbeidet med heftet.

Strategikonferansen vert arrangert 4. og 5. februar på Hotell Alexandra i Loen. Set av desse datoane – her kan du også melde deg på: <http://www.ks.no/kalender/sogn-og-fjordane-strategikonferansen-og-fylkesmotet-2019/>

Fylkesmøtet vert halde 5. februar. Der vil Debattheftet 2019 bli handsama, og ein felles uttale frå Sogn og Fjordane blir vedteken. Kommunane/fylkeskommunen sine innspel vil danne grunnlaget for forslag til uttale som vert lagt fram for Fylkesmøtet.

Med venleg helsing

*Anne-Karin Løken*

Spesialkonsulent

region Vest-Norge

E-post E-mail: [anne.karin.loken@ks.no](mailto:anne.karin.loken@ks.no)

Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00

Mobil Cellular: (+47) 95 48 80 99

<http://www.ks.no>



KOMMUNESEKTOREN SIN ORGANISASJON  
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities